

# MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 57/2006

Møtedato: 1.11.06

Arkiv nr:

## **Søknad om refusjon for oppsynsutgifter**

Etter fjellova §36 skal fjellstyret ha refundert 50 % av utgiftene til godkjent oppsynsordning. I refusjonsgrunnlaget skal alle personalkostnader til oppsyn reknast med; slik som utgifter lønn, arb.avg., pensjon, forsikring, km-godgjersle m.m. Refusjonsorninga er lagt om slik at det er årleg godkjenning av budsjett på oppsynsutgifter avhengig av løyvingar over statsbudsjettet. Det var meldt inn til LMD at det var behov for over 9 mill kroner for 2007. I statsbudsjettet er det foreslege ei løyving på 7,4 mill kroner. NFS arbeider med å få auka denne løyvinga. Det er såleis for lite pengar sett ut frå behovet hjå fjellstyra. Det er ein dekning i løyvingane på ca 82 % sett ut frå behovet hjå fjellstyra.

Statskog fordeler LMD sitt budsjett for refusjon til oppsynsutgifter mellom fjellstyra. Det var for nokre år sidan ein prosess med utarbeiding av eit system for fordeling av refusjon, men fjellstyra er ikkje orientert om kva grunnlag refusjon blir delt etter. Det er derfor vanskeleg for fjellstyret å gå nærare inn på korleis dette blir fordelt. Ved fordeling av refusjon må det vera avgjerande kor store arbeidsoppgåver det er i dei ulike allmenningane.

Fjellstyret har i fleire år søkt om auka refusjon for oppsynsutgifter utan at vi har gjennomslag fått dette. Refusjonen har i realiteten gått ned. Refusjon var i 2002 kr 257.493 og i 2005 er dette redusert til kr 222.816. Fjellstyret har forståing for at ikkje alle kan få tildelet refusjon slik som omsøkt då ikkje blir avsett full refusjon i statsbudsjettet. Vestre Slidre fjellstyre får i dag refusjon for ca 1 årsverk. Fjellstyret har 1,6 årsverk i fast tilsetning, i tillegg er det sesongoppsyn og anna deltidshjelp. Med variasjon mellom dei ulike åra blir det utført ca 1,7-1,9 årsverk for fjellstyret. Fjellstyret står også i starten av eit stort stølsprosjekt (Områdetiltaket "Heime og på støle" jf. sak 19/06) som vil føre til ytterlegare behov for arbeidskraft. Arbeidsoppgåvene dei næraste åra tilseier ei behov på minimum to årsverk.

Det er ingen tvil om at Vestre Slidre statsallmenning er av dei allmenningane som har størst aktivitet. Av alle allmenningar i landet har Vestre Slidre flest stølar (300 stk) og dei alle fleste stølane er i bruk. Vestre Slidre har også flest hytter av allmenningane (600 stk). I tillegg har vi utbyggingsområde på Vaset med stor aktivitet. Her er det er stadig nye planer og tiltak som fjellstyret her skal ta stilling til. Dette har auka vesentleg dei siste åra. Mange av desse sakene er svært omfattande og arbeidskrevjande. Statskog har i mange ulike samanhengar stadfesta at Vestre Slidre står i ei særstilling når det gjeld aktivitet. Fjellstyret meiner dette må også vise seg ved fordeling av refusjon for oppsyn.

## **Vedtak:**

Vestre Slidre fjellstyre har fått auka arbeidsoppgåver dei siste åra og ventar ein ytterlegare auke ved oppstart av stølsprosjektet og ved den aukande utbygginga på Vaset. Fjellstyret melder derfor inn eit behov for to årsverk og søker Statskog om refusjon for dette.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 8.11.06

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Statskog